

## **HØYRINGSINNSPEL TIL KAPITTEL 7 – OPPLÆRING I BEDRIFT - I FORSLAG TIL NY OPPLÆRINGSLOV**

### **Innleiing**

Denne uttalen er skriven på vegne av 12 tverrfagleg/fleirfaglege opplæringskontor i Vestland fylke:

Austevoll Opplæringskontor  
Bømlo Opplæringskontor  
Handalag Opplæringskontor  
Haugaland Opplæringskontor  
Live 2 Learn  
Nordfjord Opplæringskontor  
Opplæringskontoret for Hardanger  
Opplæringskontoret for Indre Hordaland  
Opplæringskontoret for Nordhordland  
Opplæringskontoret for Sunnhordland  
Sogn Opplæringskontor  
Ytre Sunnhordland Opplæringskontor

Samarbeidsorganisasjonane nemnde over er eigde av til saman 583 bedrifter; 348 små, 172 mellomstore og 63 store. Kontora har om lag 1500 lære- og opplæringskontraktar innan alle utdanningsprogram, fordelt på meir enn 80 ulike fag.

Opplæringskontor er ein vesentleg samarbeidspart for lærebedrifter og fylkeskommunar i arbeidet med å kvalitetssikra opplæringa for kvar einskild lærling. Me treng eit lovverk som tek vare på det viktige arbeidet opplæringskontora utfører.

Vår samla konklusjon er at det bør knytast godkjenningsordning til opplæringskontor. Opplæringskontora bør regulerast som samarbeidsorgan, og bør definerast i lovverket som bindeledd mellom lærebedrift og fylkeskommune i høve til gjennomføring av opplæringa etter opplæringslov med forskrifter. Forskrift må spesifisera kva ansvarsområde læreverksemder kan delegera til opplæringskontora.

Opplæringskontora over har vurdert kapittel 7 i *Lovforslaget - ny opplæringslov og endringer i friskoleloven* og uttalar oss i fellesskap under som «me».

### **Innspeil til enkelte paragrafar**

#### *§ 7-1 Verkeområdet for kapitlet*

Me støttar innhaldet i denne paragrafen slik den er formulert.

#### *§ 7-2 Inngåing og endring av kontrakt om læretid*

I denne paragrafen bør opplæringskontor med som part i kontrakt der lærebedrift er knytt til opplæringskontor. Der lærebedrift er knytt til opplæringskontor, skal

opplæringskontoret ha det overordna ansvaret for at lærlingane får opplæring i samsvar med læreplanar og opplæringslov. Opplæringskontor skal signera på kontrakt som ansvarleg leiar.

#### § 7-3 Heving og oppseiing av kontrakt om læretid

Her foreslår me at der lærebedrift er knytt til eit opplæringskontor, skal opplæringskontoret orientera fylkeskommunen skriftleg før kontrakt vert oppsagt og at opplæringskontor skal skriva ut ein attest om opplæringa som er gjennomført.

#### § 7-4 Kva rettar og plikter dei med læretid i bedrift har som arbeidstakar. Tilhøvet til arbeidsmiljøloven

Arbeidsavtale bør vera mellom lærling og lærebedrift. Dette fordi det er i lærebedrifta lærlingen jobbar til dagen, det er det arbeidsmiljøet han/ho er ein del av gjennom heile læretida. Det er derfor viktig at det er lærebedrifta som har arbeidsgjevaransvaret for lærlingen.

Formuleringa i alternativ 2 «Der lærebedrifta er eit opplæringskontor .....» er ikkje eigna til å skapa klarheit i ansvarsforhold. Opplæringskontor har ikkje til føremål å vera lærebedrift. Opplæringskontora skal samarbeida med sine medlemsverksemdar og fylkeskommunen.

#### § 7-5 Godkjenning av lærebedrifter

Her foreslår me at departementet skal gje forskrifter om godkjenning av lærebedrifter og godkjenning av opplæringskontor. Det må knytast eigne krav til kva som skal til for å bli godkjent som lærebedrift og kva skal til for å bli godkjent som opplæringskontor. Formuleringa i alternativ 2 «godkjenning av opplæringskontor som lærebedrift» skapar uklarheit. Me er samde i formuleringa «Departementet kan gje forskrift om deling av ansvaret mellom samarbeidande lærebedrifter og om deling av ansvaret mellom opplæringskontor og lærebedriftene som er knytt til kontoret.

#### § 7-6 Krav til lærebedrifter og opplæringskontor

Me støttar forslaget slik det er formulert i første og andre avsnitt i begge alternativa. Det er uklart kva formuleringa i alternativ 2 «Opplæringskontoret kan godkjennast som lærebedrift» vil innebera. Opplæringskontor må verta godkjende etter eigne kriterier. Departementet kan gi forskrift om kva reglar som gjeld for opplæringskontor.

#### § 7-7 Rekruttering av lærebedrifter

Her vil me foreslå at fylkeskommunen skal formidla søkjarar som oppfyller vilkåra til lærebedrifter og opplæringskontor.

#### § 7-8 Tilskot til lærebedrifter og [opplæringskontor]

Me går inn for at paragrafen opnar opp for at fylkeskommunen kan betala tilskot til lærebedrifter og opplæringskontor og at dermed *opplæringskontor* skal stå som ein del av tittelen på paragrafen.

#### § 7-9 Oppfølging av lærebedrifter og tap av godkjenning

Loverket bør også omhandla tap av godkjenning for opplæringskontor.

§ 7-10 *Lærebedriftene sitt ansvar for opplæringa*

Me støttar innhaldet i denne paragrafen slik den er formulert.

§7-11 Krav til internkontroll i lærebedrifter

Me går inn for at der lærebedrift er knytt til opplæringskontor, har opplæringskontoret ansvar for internkontroll knytt til Opplæringslov med forskrifter.

Med venleg helsing

fleirfaglege/tverrfaglege opplæringskontor i Vestland fylke.